

Etterlyser fleire pårørende

– Ein treng ikkje vera åleine som pårørende, seier Gerd Tyse Nygård. Pårørandegruppa på Sundheimen etterlyser fleire aktive medlemmer.

SKOGSSKIFTET: Odd Magne Toft er leiar i pårørandegruppa for Sundheimen, sjølv om han ikkje lenger sjølv er pårørende.

– Eg har sagt at eg kan halda fram som leiar likevel. Vi er komne så godt i gang at det ville vera dumt om gruppa blei lagt ned, seier Toft.

Stadig færre møter

Han trur pårørandegruppa hadde blitt oppløyst om han og kona Irene Toft hadde trekt seg ut no.

– Det har vore tamt oppmøte, spesielt den siste tida, meiner han. Av årsmeldinga til pårørandegruppa kan ein lesa at på det meste deltok ni pårørende på møta i fjor. På det siste møtet i november deltok berre fire personar, og på maimøtet i år var det endå verre.

– Då møtte berre éi utanom oss, fortel Toft.

Sjukepleiar Gerd Tyse Nygård på Sundheimen er også leiar av dagsenteret for demente i kommunen. Ho trur det kan vera fleire grunnar til at folk uteblir.

– Vi ser ofte at pårørende treng ein pause når dei først har fått plass til for eksempel mor si på Sundheimen. Andre pårørende bur gjerne langt borte, eller dei meiner det er kommunen som skal overta ansvaret, seier ho.

Står sterkare saman

Nygård understrekar at mange pårørende kan

ha stor glede av å vera med i ei gruppe.

– Folk kan vera ei støtte for kvarandre, og ein kan dela erfaringar. Pårørandegruppa er også eit forum der ein kan koma med gode idear, seier Nygård.

Toft fortel at personalet ved Sundheimen alltid er representert på møta.

– Dermed kan ein ta opp både små og store saker og få tid til å snakka, seier Toft.

Han fortel at gruppa også arbeider som pådrivar i større saker, som til dømes legedekninga og bemanninga på Sundheimen.

– Vi står mykje sterkare saman enn om kvar enkelt tar opp saker åleine, meiner han.

Små og store saker

Pårørandegruppa blei etablert i april 2006. Blant sakene dei hadde på kartet i fjor, var bemanning, legedekning, transport til og frå sjukehus, rutinar for medisiner, vask og handsaming av klede.

Gruppa har også fått kjøpt inn ein del utstyr på Sundheimen som elles ikkje ville blitt kjøpt.

– Vi samla blant anna inn pengar til ein fotpleiestol, fortel Toft.

Om lag éin gong i månaden arrangerer gruppa underhaldning på Sundheimen.

– Det ser vi bebuarane har stor glede av, smiler Toft. Han fortel at gruppa har fått pengegaver av fleire bedrifter. Det hender også folk ber om ei gáve til pårørandegruppa i staden for blomar i samband med gravferder.

– Folk ser verdien av pårørandegruppa, men vi håpar oppmøtet blir betre, seier Toft.

Kurs om aldersdemens

2. september arrangerer gruppa eit kurs for pårørende til aldersdemente.

– Sidan det blir eit kurs på tre timar, span-

derer pårørandegruppa mat på dei som kjem, lokkar Toft.

Han håpar også dei tilsette nyttar høvet til å få med seg føredraget med spesialpsykolog Lise Næss. Ho har blant anna bakgrunn som universitetslektor i gerontopsykologi og som konsulent og miljøplanleggjar i sjukeheimar.

Mykje tabu

På dette kurset blir det snakka om mange ting som kan vera vanskelege å snakka med andre om:

n Kva svarar ein for eksempel når den aldersdemente meiner du stel frå han eller henne?

n Kva svarar du når den aldersdemente stiller det same spørsmålet om igjen og om igjen, gjerne fleire gonger i timen?

n Kva gjer du når den aldersdemente ikkje vil ha hjelp?

Nygård trur mange kan ha glede av dette kurset.

– Det er knytt mykje tabu til demens. På eit slikt kurs kan ein få svar på mange vanskelege spørsmål, trur Gerd Tyse Nygård.

MARIT KALGRAF
marit@vestnytt.no

56 33 65 13

Odd Magne Toft leiar pårørandegruppa ved Sundheimen. Både han og sjukepleiar Gerd Tyse Nygård oppmodar fleire pårørende til å både bidra og dra nytte av gruppa. Foto: Marit Kalgraf



Ny postadresse

Vestnytt har fått ny postadresse:
Skjenet 2, 5353 Straume

Vestnytt engasjerer...



lokalavisa for Sund, Fjell og Øygarden • Postboks 144 • 5341 Straume • Sentralbord: 56 33 65 00

VestNytt
www.vestnytt.no